

MI FORENING – ELSKA OG SENDT

- *Eit studie- og samtaleopplegg til bruk i foreningsstyret*



Ei historie frå verkelegheita

Eg skal inn og seie godnatt på eit av jenteromma på leirstaden. Syns det er fint å oppsummere dagen saman med deltakarne og be for dei før dei sovnar. Men oppdagar i det eg går inn, at eg avbryter. Jentene held sjølve på å be høgt for kvarandre. Dei takkar Gud for dagen dei har hatt, for det nye dei har lært på bibeltimar og andaktar og ber om Guds velsigning over kvarandre. Det som 12-13 åringane gjer går inn på meg, eg kjenner meg rørt og stolt. Spør om eg skal komme inn litt seinare. Men eg blir inkludert i bønestunda med den største selvfølgelighet.

«Leirarbeidet og lagsarbeidet heime har betydd alt for meg» seier den eine jenta. «For to år sidan bestemte eg meg for å følgje Jesus. Han er Herre i mitt liv. Eg har så mykje å takke dåke som er leiarar for, og dei i foreininga og barnelaget heime. Det dei har gjort, gjer at eg forstår at eg er elskaa og sendt.»

Denne historia er basert på ei oppleveling ein av leiarane på leir hadde i sommar. Di foreining er med og betyr ein forskjell for barn og unge! At dei får møte, følgje ogære Jesus Kristus. At dei får komme til tru på han og vite at dei er elskaa og sendt.



OM HEFTET

Dette er eit enkelt studiehefte som er tenkt at foreningsstya kan bruke som «ord for møtet» før ein startar sakshandsaminga på styremøta. Her er bibeltekstar og andaktsord som ein kan lese og spørsmål som kan vere med å starte ein samtale rundt det å vere elskaa og sendt.

Normisjon sine verdiar er elskaa og sendt. Vi ønskjer å setje fokus på dette og oppmodar foreiningane å prøve å finne ut kva våre verdiar betyr heilt konkret for dykkar arbeid.

Det er to (naturleg nok) delar i heftet. Del 1 «elska» har to rundar med spørsmål og det kan passe å gå gjennom heile del 1 på eit styremøte. Del 2 «sendt» har tre avsnitt med ganske omfattande spørsmål til samtale, så det kan vere høveleg å bruke tre møte på å gå gjennom desse.

Heftet kan også brukast i t.d. ei bibelgruppe eller til eigenstudie. Kom gjerne med tilbakemeldingar dersom heftet har fungert for dykk, eller dersom de har forslag til forbeteringar.

Heftet er utarbeidd av Marius Økland, Acta- og administrasjonsleiar i Normisjon region Sogn og Fjordane

Elska

*Du er elsket og verdifull,
en perle i Min hånd, sier Herren
- utdrag frå diktet «Perlen» av Rita Aasen*

Det viktigaste du som privatperson og de som foreining skal vite er at de er elsker. Først og fremst. Før du stod opp, før du opna augo, så elskar Gud deg. Før du rakk å tenkje på han, så tenkte han på deg. Ja før du var til, elskar han deg. 1. Johannesbrev er ei av dei vakraste hymnene i Bibelen om Guds ubetinga kjærleik til oss. Og vi ser at denne hymna viser ei tydleg retning: Kjærleiken leier til sending!

*Mine kjære, lat oss elsker kvarandre,
for kjærleiken er frå Gud,
og kvar den som elskar, er fødd av Gud
og kjenner Gud.*

*Den som ikkje elskar, har aldri kjent Gud,
for Gud er kjærleik.*

*I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss,
at han sende sin einborne Son til verda
så vi skulle ha liv ved han.*

*Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elskar Gud,
men at han har elskar oss
og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre.*

Mine kjære, har Gud elskar oss så, då skyldar òg vi å elsker kvarandre. Ingen har nokon gong sett Gud, men dersom vi elskar kvarandre, blir Gud verande i oss, og hans kjærleik har vorte fullenda i oss.

1. *Johannesbrev 4,7-11.*



Spørsmål til samtale i styret:

1. Kva seier denne teksten om Guds kjærleik til oss?
2. Korleis skal eg sjå meg i møte med Gud?
3. Kan det påverke korleis eg blir nøydd å sjå andre?
4. Korleis påverkar Guds kjærleik foreininga vår?
5. Korleis vert Guds kjærleik openberra for oss?
6. Korleis vert Guds kjærleik i oss openberra for andre?

Elske. Det kostar å seie til eit anna menneske at ein elskar den. Å ver glad i, ja. Men å elske? Kva assosiasjonar får du? Noko av motstanden til å skulle bruke ordparet «elska og sendt» i Normisjon var at «elska» ikkje kommuniserer til dei som står utanfor den kristne forsamlinga. Ein tenkjer fort at det blir kroppsleggjort og at det er mellommenneskelege mål på kjærleik vert overført på Gud. Men kan vi bruke eit anna ord? Er det noko omgrep på norsk som talar betre om Guds altomfattande lengt etter fellesskap med oss? Og som kan vise oss Guds kjærleik som trefoldig: heilag, nådig og rettferdig.

På gresk har vi fleire ord for «elska» og det gjer det kanskje lettare for oss å forstå:

- **Storge**: den «naturlege» familiekjærleiken, t.d. mellom foreldre og barn. Ordet er ikkje i Bibelen, men det er mange døme (Josefs kjærleik for brørne sine (på tross av deira svik), Marta og Maria, osv). Godhug/velvilje/affeksjon.
- **Filia**: den kjærleiken som er mellom to gode vene, t.d. mellom David og Jonatan. Det er den kjærleiken som får hjarta til å glede seg, altså ein kjærleik som ein «har noko igjen for». Den gode kjensla av å vere glad i nokon.
- **Eros**: Den romantiske kjærleiken. Ordet er ikkje i bibelen, men det er jo flust av romantikk, særleg i Høgsongen.
- **Agape**: Den sjølvoppofrande kjærleiken (1. kor 13). Kjærleiken vert gjeven, anten den blir besvart eller ikkje. Kjærleiken held fram, utan nokon form for fordelar. Det mest tydelege eksempelet på denne kjærleiken er Jesus på krossen. Ingen har større kjærleik enn den som gjev livet sitt for venene sine (Joh 15,13).

Lat oss ta eit døme:

Då dei hadde halde måltid, seier Jesus til Simon Peter: «Simon, son til Johannes, elskar [agapas] du meg meir enn desse?» «Ja, Herre», svara han, «du veit at eg har deg kjær [filo].» Jesus seier til han: «Fø lamma mine!» Og han seier til han andre gongen: «Simon, son til Johannes, elskar [agapas] du meg?» «Ja, Herre», svara Peter, «du veit at eg har deg kjær [filo].» Jesus seier til han: «Gjet sauene mine!» Så seier han tredje gongen: «Simon, son til Johannes, har du meg kjær [fileis]?» Peter vart sorgfull då Jesus tredje gongen spurde: «Har du meg kjær[fileis]?» Og han svara: «Herre, du veit alt, du veit at eg har deg kjær[fileis].» Jesus seier til han: «Fø sauene mine!» ... Då han hadde sagt dette, sa han til Peter: «Følg meg!» (Joh 21, 15-17,19b)

Peter klarar ikkje å seie til Jesus at han elskar han med den sjølvoppofrande kjærleiken. Den som berre elskar og elskar. Nei, Peter må vedkjenne at han elskar med filos-kjærleiken, at han elskar fordi det er godt, at kjærleiken han har til Jesus har grenser. Han kjenner sitt svik og sine avgrensingar, og sitt behov for Jesu tilgjeving.

Gud elskar oss med «Agape»-kjærleiken. Den ubetinga kjærleiken som elskar og elskar og elskar. Vi er berre mottakarar av denne kjærleiken!

Spørsmål til samtale i styret

1. Korleis kan foreininga legge til rette for at menneske kan lære Guds agape-kjærleik å kjenne?
2. Korleis kan vi formidle at Guds agape-kjærleik ikkje er avhengig av våre prestasjonar eller handlingar?
3. Peter er ærleg og seier han ikkje kan elske med agape-kjærleik, men Jesus seier like fullt: «Følg meg». Kva kan vi forstå ut frå det?
4. Kva gjer det med oss (som leiarar) at vi er elskarar av ein slik kjærleik?

Sendt

SENDET TIL NYE GENERASJONAR OG FOLKESLAG

Dersom vi ikkje først har vår identitet i det å vera elskar, så vil det vere meiningslaust å vere sendt. Jesus gjev misjonsbefalinga – og eit løfte om å vere med. Han sender oss som Far har sendt han – med fred, kjærleik og nærvær

Gå difor og gjer alle folkeslag til læresveinar: Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.» Matt 28, 19-20

«Fred vere med dykk! Som Far har sendt meg, sender eg dykk.» Med desse orda anda han på dei og sa: «Ta imot Den heilage ande!» Joh 20, 21-22

Men kvifor er vi sendte? Det at Gud elskar alle med ein ubetinga agape-kjærleik, og at Jesus døde på krossen for alle våre synder – betyr det at alle er frelste?

Nei, langt i frå! Det er berre trua på Jesus som frelser oss som det står i strategidokumentet vårt fram mot 2025: «Alle mennesker er umistelig for Gud, men fortapt uten Jesus Kristus»

Trua kjem av bodskapen ein hører og den bodskapen er det berre den kristne kyrkja som kan forkynne!

Gud sender deg, ditt fellesskap til å vere hans vitne i verda. Kven andre skulle Gud bruke i di bygd om ikkje deg og dykkar fellesskap?

*«Hver generasjon av kristne står nærmest til å vitne for sine egne»
Strategidokument for Normisjon 2012-2025*

Spørsmål til samtale i styret


1. Til kven er de sendt?
 - a. Kva grupper menneske prioriterer de å nå? Prøv å definere så klårt som mogleg ei målgruppe. Gå dette spørsmålet i saumane på to måtar:
 - i. Kven når de ved å halde møta der de held dei? Ved å ha ein møteform som de har? Ved å velje ut dei aktivitetane de har? Tidspunkt? Vi kan ikkje prioritere alle, og dersom vi ikkje spesifiserer kven vi vil nå – når vi kanskje berre oss sjølve?
 - ii. Kven skulle de ønske at de nådde? Kva må de legge om dersom de skal klare å nå den målgruppa?
 - b. Korleis jobbar de med å gje Jesus til nye folkeslag? I forbøn, gjeverateneste og informasjon? Ver konkret!
 - c. Korleis jobbar de med å gje Jesus til nye generasjonar?
2. Er styret bevisst at ein er eit åndeleg leiarskap –og ikkje berre arrangementskomité? Kva betyr det for dykkar arbeid?

SENDING KREV UTRUSTNING

Bli sterke i Herren, i hans veldig kraft! Ta på dykk heile Guds rustning, så de kan stå fast mot djevelens listige åtak. For vår strid er ikkje mot kjøt og blod, men mot makter og herredøme, mot verdsens herskarar i dette mørkret, mot vondskapens åndehær i himmelrommet. Ta difor heile Guds rustning på, så de kan gjera motstand på den vonde dagen, vinna over alt og bli ståande. Så stå då fast: Spenn sanninga til belte om livet, ta rettferda til brynze, og snør fredens evangelium til skor på føtene, så de er klare til å gå. Lyft trua høgt til skjold i alt som hender! Med det kan de sløkkja alle brennande piler frå den vonde. Ta frelsa til hjelm, og grip Andens sverd, som er Guds ord. Gjer dette i bøn, og legg alt fram for Gud! Be alltid, i Anden! Vak og hald ut i bøn for alle dei heilage. Ef 6,10-18

Spørsmål til samtale i styret

1. Kva seier denne teksten oss om utrustning, både for enkeltpersonar, men også som fellesskap?
2. Kva «reiskapar» treng vi?
3. Korleis utrustar de dei truande til å leve som kristne i familie- og arbeidsliv?
4. Paulus vektlegg bøn i slutten av dette avsnittet – korleis kjem det til uttrykk i dykker foreining? Ber de for ufrelste? For bygda? Korleis kan de vitalisere den delen av vår rørsle? (bedehus = bønnehus!)
5. Disippel og leiartrening – korleis held dykk leiariane dykker oppdaterte og motiverte? Brukar foreininga ressursar på det?
6. Deltek de på leiari- og styresamlingar som kyrkja, regionen og andre arrangerer?
7. Skulane, leirstadane, retreatsenter og hotell – korleis kan desse vere til hjelp og utrustning for foreininga?



DIAKONI

For læresveinane var det ein heilt naturleg del av disippellivet at ein gjorde godt mot dei trengande. Ja, det var så nødvendig at dei måtte kalle ut og be for sju spesialistar til å særleg vake over den oppgåva. Vi er ulikt utrusta og nokon har ei særleg diakonal utrustning. Men vi er alle kalla til gode gjerningar – ja evna er lagt ned i alle menneske (Rom 2,14). Og for den som trur på Kristus, er trua verksam i kjærleik (Gal 5,6). Alle døypte er kalla til å syne omsorg for medmenneska sine – å vere eit ”våpen for det som er rett” (Rom 6,13). Som Kristus elskar oss, skal vi elske kvarandre og syne omsorg for kvarandre som medmenneske.

”Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kampen for rettferd.”

Den norske kyrkja sin plan for diakoni

Diakoni er altså både noko vi gjer kvar for oss – kvardagsdiakonien – og det er noko fellesskapet skal stå saman om. Å integrere innvandrarar, hjelpe naboen med å setje ut søppeldunken og å plukke opp haikarar langs vegen – ja det kan vi sjå på som kvardagsdiakoni. Og det er stort!

Dersom foreininga veit svaret på «kven er vi sendte til?» så veit ein lettare korleis ein skal gripe tak i det diakonale kallet som foreininga har. Dersom de skal nå barnefamiliar er besøksteneste for eldre unødig (det er fint, men det er ikkje det de skal prioritere). Dersom de derimot har eldre som primærmålgruppe er det midt i kjerna.

Spørsmål til samtale i styret

1. Korleis kjem diakonien til uttrykk hos dykk i dag?
2. Kva er behova i bygda? (døme kan vere; Besøksteneste, tiltak for vanskelegstilt ungdom, støtte til einslege foreldre, språkhjelp til flyktingar, samlivskurs, sjelesorgtilbod, omsorg for skaparverket, osv.)
3. Eldrebølga byr både på utfordringar, men ikkje minst mange moglegheiter – kva kan dykker foreining gjere for og med eldre?
4. Er det verkeleg – verkeleg – rom for heile livet i fellesskapet vårt?
5. Korleis kan foreininga nytte dei tilboda som ligg ope føre, til dømes Holmely omsorg og retreat, kyrkjelyden sitt arbeid og Fermate Sunnmøre (Normisjons ressurssenter for sjelesorg. Dei held bl.a. kurs i regionen)?

Besøk
normisjon.no
for oppdatert
misjonsinformasjon

normisjon

Om oss Hva kan du gjøre Vårt arbeid Aktuelt Ressurser Gi nå!

Evangeliet til alle

Normisjons arbeid i Norge

Normisjons internasjonale arbeid

Acta - barn og unge i Normisjon

Normisjon region Sogn og Fjordane
Postboks 162, 6821 SANDANE
57 86 63 49 – sof@normisjon.no